

RYFYLKE




Ryfylke[®]

**Er du klar til å læra meir om Ryfylke?
Då vil me oppmoda deg til å setja deg
inn i dette spennande pensumet.**

Kos deg og bli litt klokare!

Kva er Ryfylke?



Ryfylke er nesten halve Rogaland i areal, men knappe 7 prosent av folketalet (34 492 per 01.01.2025).

Omgrepet Ryfylke har endra seg gjennom tidene. Faktisk er Ryfylke, eller Rygjafylke, forløparen til namnet Rogaland. Ja, på 1200-talet sa folk Rygjafylke om det som i dag er Rogaland. I dag er Rogaland fylke regionane Dalane, Jæren, Nord-Jæren, Haugalandet og Ryfylke. I mange hundre år har tilstøytande fjordar til Boknafjorden vore det såkalla Ryfylkebassenget.

Men, kor er Ryfylke? Og kva er Ryfylke? 1. januar 2020 blei fleire kommunegrensar i Ryfylke endra. Nå består Ryfylke av kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand, samt delar av Stavanger kommune (Ryfylkeøyane, tidlegare Rennesøy og Finnøy kommunar) og delar av Sandnes kommune (tidlegare Forsand kommune).



22. januar 2008 fekk Ryfylke eigen logo, eit fargerikt symbol med 192 prikkar. Kommunane Sauda, Suldal, Forsand, Strand, Hjelmeland og Finnøy kommune, og verksemdar frå desse kommunane, danna den gong Ryfylkealliansen.

Ryfylkealliansen er ei foreining som gjennom langsiktig merkevarebygging skal fremja identitet, bulyst og verdiskaping i Ryfylke. Foreininga hadde 30 medlemmer i starten, og er om lag 175 medlemmer i dag. Det er kommunane, vidaregåande skular, små, mellomstore og store bedrifter, festivalar, organisasjonar mfl. som er med. Ryfylkealliansen sin visjon er: «Ryfylke; Her vil eg leva, her vil eg bu!». Saman vil me løfta Ryfylke opp og fram, og skapa stoltheit om Ryfylke. Derfor har me også Ryfylkequiz kvart år.

Oversikt over alle medlemene finn du på ryfylkealliansen.no.

På ryfylkealliansen.no kan du lesa meir om kva Ryfylke er, kor Ryfylke er, om Ryfylke og om Ryfylkealliansen. Følg også med på Ryfylkepuls. Då kan du følgja godt med på kva som skjer i Ryfylke. Følg gjerne med i nyheitene. Før skulefinalane er det pensumet og dei siste sendingane av Ryfylkepuls, som ligg til grunn for kva du må vita om Ryfylke. Dei som kjem til storfinalet på Finnøy onsdag 21. mai, bør også følgja godt med på ryfylkealliansen.no og ha god kontroll på Ryfylkekartet.

Mot slutten av dette pensumet, finn du det flotte kartet over Ryfylke, teikna av Jens Flesjå. Det er greitt å gjera seg kjent med det!

Sauda kommune

www.sauda.kommune.no



Innbyggjartal: 4 600 per 01.01.2025

Kommunesenter: Sauda

Ordførar: Håvard Handeland (Arbeidarpartiet) - vald i 2023

Varaordførar: Paul Løyning (Høgre)

Kommunevåpenet sitt symbol er *vasskraft og gnistar*. Tre vertikale sølvstrenger på blå bakgrunn fortel om fossefalla i Sauda, men også gnisten frå smelteomnar som produserer metall.


Geografi:

Sauda kommune grensar til Vestlandskommunane Etne i nordvest og Ullensvang i nord og aust. Dessutan ligg Suldal inn til Sauda i aust og sør. Sauda er den nordlegaste kommunen i Rogaland. Det høgaste punktet er Kyrkjenuten med sine 1 602 moh. Sauda er den mest kompakte kommunen i Ryfylke. Ja, dei aller fleste bur i Sauda og Saudasjøen – innafor nokre få kilometers radius. Heilt nordaust i kommunen finn du den vesle bygda Hellandsbygd med 39 innbyggjarar. Herifrå kan du køyra vidare til Røldal i Ullensvang i sommarhalvåret. Med ujamne mellomrom blir Sauda isolert, når fylkesveg 520 blir stengt fordi vatnet frå Svandalsfossen gjer vegen uframkomeleg.

Totalt er Sauda 546,56 kvadratkilometer.

Kom deg til Sauda:

- Fylkesveg 520 snirkclar seg vel to og ei halv mil på vestsida av Saudafjorden inn frå Ropeid i Suldal. Kjem du frå Haugalandet, tar du av på E134 og køyrer til Sandeid og Ropeid og vidare innover til Sauda. Også faste bussruter frå Haugesund/Ølen.
- Kjem du frå Nord-Jæren, kan du velja Ryfylketunnelen frå Stavanger til Strand. Følg vidare R13 via Hjelmeland, ein kort ferjetur til Nesvik, køyr gjennom Suldal og så kryssar du Sandsfjordbrua, mot Ropeid, og følgjer vegen vidare til Sauda.
- Hurtigbåten mellom Stavanger og Sauda går eit par gonger til dagen. Nokre av avgangane er kombinert med buss til/frå Hebnest/Ropeid.
- Kjem du austfrå, kan du køyra over fjellet frå E134 i Røldal. Men, denne vegen er stengt om vinteren.
- Saudabuen drøymmer om tunnel til Etne. Planen er å byggja ein 11,8 kilometer lang tunnel frå Saudasjøen og til Frette i Etne. Då får saudabuen kort veg til E134, og kjem seg både raskare til Haugalandet og Austlandet. Tunnelen er ikkje høgt prioritert blant statlege styresmakter. Derfor er det framleis i det blå når og om tunnelen blir bygd.



Historisk sus:

- I 1915 starta bygginga av Smelteverket i Sauda, med produksjon frå 1923. Smelteverket ruvar på alle vis i Sauda.
- I Sauda har ein utnytta vasskrafta i 112 år. Fleire gamle kraftstasjonar er i dag freda, og er flotte å sjå til.
- Kulturhuset i Sauda er nytt i gammalt. I 1931 blei Folkets Hus bygd som arbeidarklassen sitt forsamlingslokale. I 2018 blei «nye» Folkets Hus opna, etter omfattande restaurering og nybygging. Nå er det to flotte salar, ungdomslokale, øving for kulturskule, kontor og ein nyetablert sushi-restaurant. Folkets Hus fekk i 2023 status som freda bygg av Riksantikvaren.
- I Sauda sentrum står ei flott trekyrkje frå 1866. I tillegg er kapellet i Saudasjøen frå 1973, i bruk. I Saudasjøen stod den første kyrkja i Sauda, men då må me fleire hundre år tilbake i tid. Midt i sentrum finn du bedehuset Betel, som feira 100 år i 2018.



Næringsliv:

- Kraft, straum og industri er stikkord for næringslivet i Sauda. Sauda var ei lita jordbruksbygd ved inngangen til 1900-talet, og blei totalt endra med kraftutbygginga. Folketalet tre- og firedobla seg dei neste 50 åra.
- I 1913 blei Saundefaldene etablert. Saundefaldene har sidan nytta vatnet i Saudafjella til kraftutbygging og straumproduksjon. Det er Statkraft som eig anlegga.
- Den store straumkunden er smelteverket i Sauda. Store skip kjem med manganmalm frå Gabon og Sør-Afrika. Malmen blandast med koks, og blir smelta om til såkalla ferrolegeringar. Det er eit produkt som gjer stål ekstra slitesterkt. Smelteverket har 300 båtanløp i året.
- Selskapet Iverson eFuels vil byggja ein gigantisk ammoniakkfabrikk på Birkeland. Grøn ammoniakk kan brukast som miljøvenleg drivstoff for store skip. Og kvifor ein slik fabrikk i Sauda? Jo tilgang til rein energi frå vasskraft og god hamn for eksport. Prosjektet er omstridd, og meinigane i Sauda er sterke på begge sider. Kommunen skal i mars gjennomføra ei meningsmåling i Sauda om prosjektet. 1 000 saudabuar frå 16 år og oppover, blir spurt kva dei meiner.
- Sauda satsar på reiseliv. Hotell, hytteutbygging, skisenter, utebasseng, turistanlegget i Allmannajuvet, industriarbeidar-museum, Folkets Hus og arrangementsturisme.
- Utebassenget i Saudahallen er oppvarma året rundt, og er flittig i bruk.

VISSTE DU AT?

- Håvard Handeland blei vald til ordførar hausten 2023, 19 år gamal. Håvard drøymer om å bli lege, men utdanninga er sett litt på vent, naturleg nok.



- Åbøbyen fylte 100 år i 2020. Me snakkar om ein eigen industriarbeidar-by frå smelteverket og opp mot Fløgstad skule. Dei amerikanske eigarane av fabrikkens bygde tomanns- og firemannsbustader for arbeidarane i snorrette gater. Medan arbeidarklassen budde nærast fabrikkens og den giftige røyken, budde funksjonærar og sjefane lenger oppe i byen i t.d. Kongsveien.

- Fylkesveg 520 innover Saudafjorden og inn til Sauda blir kalla Dollarvegen. I 1931 skulle ein byggja veg frå Sauda heilt ut til Ropeid. Men, dei offentlege midlane strekte ikkje til. For å fullføra vegen betalte dei amerikanske eigarane av smelteverket for siste delen. Dermed namnet Dollarvegen.

- Siste nytt frå Sauda? Då må du lesa lokalavisa *Ryfylke*. Avisa er den eldste i Ryfylke, og første utgåva var i juni 1926. Papirutgåva kjem ut kvar torsdag.

- 26. juli 2019 blei det sett ny varmerecord i Rogaland. Då blei det målt 34,6 grader celcius i Sauda.

Barn og ungdom:

- Sauda Idrettslag (stifta i 1919) er det største laget i kommunen. Og her har dei unge eit breitt tilbod. Her kan ein trenast alt frå randonee til styrkeløft og fotball, og meir til. I fotball spelar laget heimekampane på Sauda stadion, i blå drakter og blå shortsar.
- Idrettslaget Ny Von i Saudasjøen har spesielt tilbod innan vinteridrettar. Nå skal det lagast ny hoppbakke.
- Musikk- og kulturskulen i Sauda er særst populær. Øvingslokala i Folkets Hus er kjærkomne.
- Barna i Sauda går på tre barneskular, før dei kjem saman på Sauda Ungdomsskule. Skulane Risvoll, Fløgstad og Austarheim ligg innanfor seks kilometer. Sauda kommune vil framover sjå på skulestrukturen, og om ein stor barneskule er løysinga. Det blir garantert diskusjonar.
- Sauda vidaregåande er ein av to vidaregåande skular i Ryfylke. Les meir om Sauda vgs på side 27.



KAN SKRYTA AV:



foto: Per Inge Fjellheim

Festivalar: Sauda er *ryfylkemeister* i festivalar og arrangement. Saudadagane i slutten av mai er det klart største arrangementet, med konsertar, sykkelritt, salsboder og eit yrande folkeliv i Sauda sentrum.



foto: nrk.no

Hildeborg Juvet Hugdal: Styrkeløftar frå Sauda som kan bada i mange VM- og EM-medaljar. Sette ny verdsrekord i benkpress i 2023 med 235,5 kg. Og i fjor flytta ho verdsrekorden to gonger, først til 236 kg og så til 238 kg. Ho er 41 år og framleis aktiv. Deltar i VM i mai i år.



foto: Olafr Jakobsson

Bystatus: Jepp, tettstaden Sauda blei by i 1998.



Sauda skisenter! Kanskje det beste skisenteret på Vestlandet? Ligg i Svandalen, der mange etter kvart har kjøpt seg hytte.



Arbeidarrørsla! «Alle» i Sauda fekk jobb på smelteverket. Kampen for arbeidarane sine rettar blei sterk. Og det var ofte krasj mellom leiing og gutta på golvet, ikkje minst på 60- og 70-talet. Det er meir harmonisk nå.



Smelteverket heiter Eramet Norway Sauda, og har franske eigarar. Vel 220 menneske arbeider på fabrikkjen. Sjølv om det var tilsett heile 1345 menneske i 1960, er framleis smelteverket hjørnesteinsbedrifta i Sauda.



foto: Line Møller

Bjørn Eidsvåg! Ein av Norges mest kjente artistar gjennom fleire tiår. Kjent for songar som *Shalala* og *Eg e bare ein mann*. Kjem frå Sauda, men bur der ikkje nå. Feira 70-årsdagen sin i 2024, mellom anna med konsertar på Folkets Hus. Billettpris: 70 kr.



foto: bt.no

Kjartan Fløgstad: Forfattar frå Sauda som har vunne mange gjeve prisar. Har skriva mykje om arbeidarrørsla og livet i Sauda. Bur i Oslo, men er ofte på heimtraktene. Kjartan Fløgstad blei også 70 år i fjor, og blei feira stort i Sauda.

VERD Å FÅ MED SEG

Svandalsfossen



Svandalsfossen er blitt ein turistattraksjon rett før Saudasjøen. Ein kan parkera ved fylkesveg 520 for å oppleva fossen på nært hald.

Fossen har eit fall på til saman 180 meter, der den øvste delen har eit fritt fall på 40 meter. I periodar går fossen delvis over turistvegen.

I 2006 blei det opna eit imponerende bru- og trappeanlegg som gjer at du kjem tettare på fossen, i tillegg til flott utsikt over Saudasjøen. Til toppen er det totalt 552 trappetrinn.

Åbødalen




Ta deg ein tur til Åbødalen, sommar eller vinter. Fossar, elv, eit vakkert turterreng og ikkje minst dei populære

jettegrytene. Freistar det med eit friskt bad? Og geitene er ikkje redde folk.

Vinteren byr på herleg skiterring.

Populært hytteområde, knappe ti minutt opp frå Sauda sentrum.

Sauda Skisenter



Sauda Skisenter er eit populært skitrek, med 96 driftsdagar i 2023/2024 sesongen. Det er nå store planar om utviding med to gondolbanar til fjella ovanfor, med tanke om at det skal bli aktivitetstilbod året rundt.

Motocross



Sauda motorsportklubb blei etablert i 2001. Då bygde dei om ein gamal søppelfylling til motocrossbane. Det har vore fleire rundar med klubblop og vestlandsmeisterskap i løpet av åra. Sauda motorsportklubb har i dag rundt 20 lokale utøvarar med familie, og er blitt ein populær bane for utøvarar i distriktet og elles landet å besøkja. Klubben tilbyr trening og køyring på banen sin, og har også eit freestyleanlegg for nybyrjarar og erfarne, samt også knattcrossbane for dei minste.

Nyleg er massane på banen bytta ut frå grus til sand.

Det er årlege treningssamlingar på banen, i regi av andre klubbar som leiger banen.

Allmannajuvet



Her var gruvedrift frå 1881 til 1899. På det meste var det 200 arbeidarar i gruvene, og det blei utvunne totalt 12 000 tonn sinkmalm som blei seld til utlandet. I 2016 opna eit anlegg med galleri og gruvekafé teikna av arkitekten Peter Zumthor. Allmannajuvet er ein stor turistattraksjon.



Sauda kommune
– *Litt betre kvar dag*

SULDAL KOMMUNE

www.suldal.kommune.no

foto: VisitNorway



Innbyggjartal: 3 939 per 01.01.2025

Kommunesenter: Sand

Ordfører: Mads Drange (Arbeidarpartiet) - vald i 2023

Varaordfører: Torbjørn Indrebø (Kristeleg Folkeparti)

Kommunevåpenet er tre gullfarga bordar på raud bakgrunn. Dette symboliserer Suldalslågen, elva som renn frå Suldalosen til Sand. Vatnet kan også symbolisera vasskrafta.

Geografi:

Suldal er den største kommunen i heile Rogaland. Samla areal i Suldal er på heile 1737 km², noko som tilsvarar 18,5 % av heile Rogaland. I nord grensar kommunen til Etne, Sauda, Ullensvang og Vinje i Telemark. I aust til Bykle i Agder, i sør til Hjelmeland og Stavanger, i vest til Vindafjord og i nordvest til Tysvær. Heile Suldal er fastland, utanom den vesle øya Foldøy med 25 fastbuande fordelt på 16 husstandar. Det høgaste punktet er Vassdalseggi som ruvar 1 658 meter over havet. Då er du nesten på Haukelifjell. Fjelltoppen er for øvrig det høgaste punktet i heile Rogaland.


Blåsjø er Norges 13. største innsjø, og den er kunstig. Demd opp under den store kraftutbygginga på 70-og 80-talet.

Rassikring! Suldal er stort, og Suldal er høge fjell og rasfarleg vegar.

Riksveg 13 gjennom Suldal er det mest rasfarlege området i Rogaland. Noko er utbetra, men det er ein stadig kamp inn mot Stortinget for å få løyvd meir pengar til rassikring. Svære steinblokker dundrar ned i vegbanen kvart år. Etter å ha kjempa for rassikring i årevis, er det endeleg lys i tunnelen for suldølen. Arbeidet med utvida sikringsarbeid ved Lovraeidet-Rødsliane har pågått ei stund. I 2023 blei det vedtatt å byggja ein tre km lang tunnel gjennom området. Arbeidet skal starta hausten 2025.

Kom deg til Suldal:

- I november 2015 blei Sandsfjordbrua opna. Den knyter Ropeidhalvøya i Suldal til resten av kommunen. Med brua blei ferjesambandet mellom Ropeid og Sand lagt ned. Med brua kan folk frå Haugalandet koma seg til heile Suldal utan å ta båt.
- Frå Nord-Jæren til Suldal er det blitt kortare veg. Ryfylketunnelen frå Stavanger har korta ned reisetida monaleg. Køyr riksveg 13, ta ei ferje frå Hjelmeland til Nesvik, køyr ei god mil og vips er du i Suldal.
- Du kan ta hurtigbåt frå Stavanger til Suldal. Kaiene på Jelsa, Sand og Ropeid har anløp fleire gonger til dagen. Marvik, Hebnes, Foldøy likeså. Bogsund og Foreneset har anløp fredag og sundag. Vormestrand hadde fram til nyttår også anløp fredag og sundag, men er kutta ut. Suldal kommune jobbar for å få Vormestrand inn i rutene igjen. Du kan også ta Ryfylkeferja til og frå Hebnes, Foldøy og Jelsa. Denne går via Nedstrand og til stoppestader i Stavanger, Hjelmeland og Strand.
- Frå nord kan du svinga av E134 i Røldal og ta Riksveg 13 sørover til Suldal.



Historisk sus:

- Suldalslågen har lokka mange laksefiskarar til Suldal. På slutten av 1800-talet kom rike lakselordar frå England for å slappa av med fiske. Dei bygde også lakseslott, som dei budde i. Elva bøyer seg elegant 22 kilometer frå Suldalsosen til Sandsfjorden.
- Sand har vore sentrum for bygging av seglskuter i tre på 1800-talet. Frå 1890-talet og utover blei turisme ei viktig inntektskjelde då bygda blei ein viktig stopp for ei av dei mest populære turistrutene i landet.
- Jelsa er den best bevarte strandstaden i Ryfylke. Her har det vore gjestgiveri og handel i over 300 år.
- Kyrkja på Jelsa er den eldste i Suldal kommune. Kyrkja var ferdig i 1647 og er rikt utsmykka.
- Sand Kyrkje og Suldal Kyrkje i Suldalsosen liknar mykje på kvarandre, og er bygde same året i 1852. Du finn også ei nesten like gammal kyrkje i Erfjord, samt kapell på Marvik og Nesflaten.
- I 1974 starta ei kraftutbygging, som skulle få store konsekvensar for suldalsamfunnet. Ulla Førre-utbygginga er ei av dei største i Norge nokon gong. Vatn gjennom tunnelar til kraftstasjonar, spektakulære demningar, vegutbygging og ikkje minst Norges største kraftmagasin Blåsjø. Utbygginga varte i vel 15 år, og det jobba over 1 500 personar med anlegget på det meste. Folketalet i Suldal auka også. Statkraft leverer straumen frå Suldal og Ryfylke.
- Kvilldal Kraftverk er det største kraftverket i Norge, når det gjeld produksjon av straum. Kraftverket blei opna av Kong Olav i 1982. Det blir nå gjennomført ei renovering av Kvilldal Kraftverk til totalt 300 millionar kroner.

Næringsliv:

- Suldal er kraft. Endelause kilometer med røyrleidningar, demningar og kraftleidningar. Vatn gjev energi og energi gjev pengar. Det har Suldal kommune fått gode av.
- Blåsjø fører vatn til fleire kraftverk. Blåsjø ligg i Suldal, men også i Hjelmeland kommune og i Bykle kommune i Agder.
- Mibau Stema Jelsa (tidlegare Norsk Stein) på Berakvam ved Jelsa er det største steinbrotet i Europa, og har 220 arbeidsplassar. Nesten all produksjon går til eksport. Knust stein brukast til asfalt og betong. Mibau Stema på Jelsa har over 800 båtanløp i året. Dei siste åra har det vore planar om å utvida området til produksjon av fundament og samansetting av havvindturbinar. Gigantprosjektet blei derimot lagt endeleg dødt for Jelsa sin del nå i februar. Initiativtakarane i Windworks Infrastructure har ikkje makta å bli samde med Mibau Stema om tilgang til området. Nå vil Windworks Infrastructure sjå seg om etter alternative område ein annan plass.
- Suldal er ein stor landbrukskommune, spesielt innafor mjølkeproduksjon og sauer.



VISSTE DU AT?

- Suldal blir ofte trekt fram som ein av dei beste turistkommunane i Rogaland. Du finn hotell på Sand, Nesflaten og på Jelsa. I tillegg finn du mange andre trivelege overnattingsplassar i kommunen.

- Suldal er den største kraftkommunen i Norge. Kraftutbygginga på 70-talet gjorde at det blei bygd veg langs heile Suldalsvatnet. Før vegen kom, gjekk det ferje på Suldalsvatnet. Det er 17 tunnelar på vegane langs vatnet.

- Ein av dei mest besøkte festivalane i Ryfylke er faktisk ein marknadsdag. I oktober kvart år steller maskinforhandlaren Møgedal Mek. Verkstad til Møgedalsmarknaden. Då kjem det fort opp mot 4 000 menneske for å oppleva marknads- og festivalstemning inne på området.

- Gangbrua Høsebrua rett ovanfor Sandsfossen, blei i 2013 kåra til «bridge of the year» av det amerikanske reiselivsmagasinet Travel+Leisure.



- Suldalsposten er første avis i Ryfylke som er heildigital. Kom ut i papir frå 1976 til 2024, men er nå altså kun å finna på internett.

- Sparebanken Vest står sterkt i Suldal, og har kontor både her, i Sauda og Strand. Sparebanken Vest feira 200-års jubileum i 2023, og er blant hovudsponsorane til Ryfylkepulps.

Barn og ungdom:

- Alle ungdomane i Suldal går ungdomsskule på Sand skule. Fram til 2022 hadde Nesflaten eigen ungdomsskule. Men, nå går dei få ungdomane derfrå på Sand, sjølv om reisevegen er lang.
- Skigruppa i Suldal IL har ofte skikarusell i lysløypa på Gullingen. Når du møter eit fotballag frå Suldal IL, spelar dei i gule drakter og svarte bukser. Heimekampane blir spelte på Prestavikjo stadion i Suldalsosen.
- Kunst, scene og musikk er stikkord for eit rikt kulturtilbod for barn og unge i Suldal. Og kulturhuset på Sand er ein kjær møteplass i så måte.
- Rundt omkring i dei ulike bygdene er det mange tilbod til barn, med alt frå 4H, Speidar og aktivitetar på bedehuset.
- Suldal er kommunen i Ryfylke med flest skular. Det er grunnskular både i Erfjord, Jelsa, Marvik, Sand, Nesflaten og Vinjar i Suldalsosen. Vanvik hadde også skule inn til 2022. Men, elevane her går nå i Sauda på skule.

KAN SKRYTA AV:



Turisme! Turistar har strøymd til Suldal i tre ulike hundreår. Her har engelske lakselordar bygd flotte hytter og lakseslott, i høve laksefiske. Folk frå inn- og utland har opplevd fjord, hei, vatn, elv, fjell og dal, sommar som vinter.



Ryfylkedagane. I fjor var Suldal sitt største arrangement 40 år. Kvart år samlar dei store og små til ulike tilstelningar denne helga på Sand. Andre bygdedagar i Suldal er Vanvikfestivalen og Halvøydagen.



Ryfylkemuseet har hovudsetet på Sand. Det regionale museet for heile Ryfylke, har fleire lokasjonar. Men, hovudkontoret, fleire utstillingar og det flotte Nesasjøhuset ligg på Sand, med jekta Brødrene af Sand liggjande inn til kaien. Test ut den nye museumsappen!



Kraft! Vatn som blir omgjort til straum har gjort Suldal til den rikaste kommunen i Ryfylke.



Arkitektur: Dra til Nesflaten, der ingen skulle tru at nokon ville byggja slikt. 60- og 70-talshus, hotell og kraftsentrar. Mildt sagt stilig.



Idyllen Jelsa. Strandstaden vest i Suldal har vunne kåringar både på TV2 og NRK om kor det er finast!



foto: Kristofer Ryde

Toppvolley Norge! Den einaste vidaregåande volleyball-linja i Norge. Anlegget på Sand har også eigen innandørs sandhall. Skuletilbodet ligg under Sauda vgs, og er meir populært enn nokon gong. Les meir om Sauda vgs på side 27.



foto: Heiko Junge / NTB

OL-gull til Suldal. Ja, me må kunna seia det! For under Tokyo-OL i 2021 vann sandvolleyballparet Anders Mol og Christian Sørum gull. Begge har vore elevar ved Toppvolley Norge, og har også blitt verdsmeistrar.

VERD Å FÅ MED SEG

Hebnes Gård



I 2020 starta Toyni Tobekk og Arild Hebnes opp med Hebnes Vingard. I frisk luft og kjølig nordisk klima dyrkar dei druer og produserer vin med nordisk preg.

Kråkeboller fra Joker Erfjord



Kråkeboller fra Joker Erfjord, også kalla Erfjordkråkene, er kjende og populære kveiteboller tatt til nytt nivå. Bollene er nesten blitt verdskjende og er vel verd ein tur til Erfjord!

Gullingen



Gullingen er ein stad i Suldal mange reiser til for å gå på fjellturar, enten med eller utan ski. Det er mange hytter i området, og så ligg også Gullingen turistsenter her. Dei driv både skitrekk, fjellcamping, leirskule og overnatting. På nettsida deira kan ein få oversikt over ulike tur- og skiløyper i området.

Bonolo Ramphomane-Aandahl




Bonolo Ramphomane-Aandahl vann i 2024 den gjeve Pilt-Ola prisen. Bonolo driv kafeen Drøs og Suldal Bad. Ho kom til Suldal i Norge for å vera volleyballtrenar ved Toppvolleylinja på Sand, og har nå etablert seg i Suldal og trivst godt.

Suldal bad



Suldal Bad på Sand opna i desember 2019. Symjebasseng, stupetårn, velværeavdeling, utebad og ein fantastisk fjordutsikt. Eit av dei mest populære badeanlegga i Rogaland med over 50 000 besøkjande i 2024.



Suldal kommune
– Skattkammeret Suldal

HJELMELAND KOMMUNE

www.hjelmeland.kommune.no

foto: mitt-hjelmeland.no



Innbyggjartal: 2 681 per 01.01.2025


Kommunesenter: Hjelmelandsvågen

Ordførar: Anita Husøy Riskedal (Senterpartiet) – gjekk frå varaordførar til ordførar hausten 2022 – attvald i 2023

Varaordførar: Gaute Hauge (Arbeidarpartiet)

Kommunevåpenet er ein såkalla gull Andreaskross på raud bakgrunn, laga med trillingstrenger. Denne «X-en» blir brukt i kunst og dekorasjonar. Og for Hjelmeland sin del viser det flettverket i setet til ein jærstol. Hjelmeland er kjent for å laga jærstolar gjennom fleire generasjonar.

Hjelmeland er heilt inn til Jøsenfjorden og Førre i aust og til øya Helgøy i vest. Randøy er den største øya i Hjelmeland kommune. Årdal, Fister og Hjelmeland er hovudgrendene. Namnet «Hjelmeland» kjem av det vesle fjellpartiet Hjelman. Dette fjellet ligg tett på Hjelmelandsvågen, og ser ut som, ja nettopp, ein hjelm. Frå første januar 2020 blei Hjelmeland kommune mindre. For då gjekk Hjelmeland sin del av øya Ombo inn i Nye Stavanger kommune, saman med kommunane Finnøy og Rennesøy. 75 menneske skifta dermed kommune, og Hjelmeland fekk færre innbyggjarar. Før den tid hadde Hjelmeland ein tredel av Ombo, og Finnøy kommune to tredelar.



Kom deg til Hjelmeland:

- Hjelmeland er på ein måte midt i leia. På Hjelmeland går det ferje til Nesvik fleire gonger i timen. Enten kjem du Riksveg 13 frå nord og til Nesvik. Elles så kjem du sørfrå til Hjelmeland.
- Ferja mellom Nesvik og Hjelmeland går inn til 13 gonger i døgnet innom Skipavik på Ombo. Her kan du køyra over Ombo og ta ferje vidare til øyane i tidlegare Finnøy kommune.
- Alt er blitt kortare med Ryfylketunnelen som opna 30. desember 2019. Svtunnelen på riksveg 13, ved Tysdalsvatnet, har også korta ned reisetida. Du kan køyra til Hjelmeland, eller ta buss frå Stavanger og Strand.
- Det går hurtigbåt innom kaiane på Fister, Ølesund, Hjelmeland og Nesvik eit par gonger i døgnet kvar dag utanom laurdagen.
- I 1976 blei Randøy bru opna av Kong Olav, og randøybuen blei landfaste. I 2022 opna den nyaste brua i Ryfylke. Då blei den vesle fruktøya Helgøy landfaste inn til Mosnes. 44 innbyggjarar jublar over fastlandssamband.

Historisk sus:

- Det første bedehuset i Norge blei bygd i 1840 ved sida av kyrkja i Hjelmelandsvågen. Det vil seia; dei frå Strand vil protestera. Strandbuen meiner det første bedehuset blei bygd tre år tidlegare rett ovanfor Tau. Uansett fór heile bedehuset i Hjelmeland på sjøen i 1940. Då var det ein stor flaum som drog med seg både bedehus, bustadhus og halve kyrkjegarden ut i fjorden.
- Bygda Årdal har to kyrkjer. Den eldste er frå 1620, og er eit populært turistmål. Den «nye» kyrkja blei vigsla i 1919.
- Du finn elles kyrkjer på Fister og på Hjelmeland, begge er bygde midt på 1800-talet.
- Den store kraftutbygginga Ulla-Førre på 70- og 80-talet påverka så visst også Hjelmeland. Kommunen blei ein kraftkommune, i vesentleg nasjonal storleik.
- Spinneriet i Hjelmelandsvågen er eit gammal industribygg frå 1873, som nå blir brukt til museums- og kulturformål. Bygget ligg tett ved Hjelmelandsånå, og var eit ullspinneri der mange kvinner hadde sin arbeidsplass.
- Jærstolen. Me kjem ikkje utanom. Denne flettekunsten på stolar har liksom vore Hjelmeland si greie, med fleire jærstolfabrikkar. Men at Jæren skulle vera i Ryfylke? Forstå det den som kan.



Næringsliv:

- Fisk har alltid vore noko folk frå Hjelmeland har halde på med. Først med store fiskebåtar ute til sjøs. Så kom oppdrettet! Mowi sitt lakseslakteri på Hundsnes er det største i sitt slag i Rogaland, og Hjelmeland er ein av dei største oppdrettskommunane på Vestlandet.
- I Tytlandsvik og Årdal finn du to av dei største landbaserte oppdrettsanlegga i Norge. Her sym postsmolt rundt. Postsmolt er «ungdomsfisken», og er neste steg før fisken skal ut i anlegg i sjøen. Med å ha fisk på land først, reduserer ein tida laksen er i sjøen, og dermed også mindre sjanse for lakselus.
- Norges beste røykelaks kjem frå Hjelmeland. King Mikal Salmon/ Mikals Laks, har vunne mengder av prisar for beste sjømat i Norge. Mikals laks har drive i 30 år og i fjor tok 32 år gamle Maren Fossaa Viga over som dagleg leiar og er dermed sjefen til foreldra sine.
- Sterling White Halibut driv oppdrett av kveite i Kjeurda i Jøsenfjorden. «A special fish for special occasions» er slagordet. Stjernekokkar frå heile verda elsker å jobba med denne fisken.
- Landbruk: Hjelmeland har alltid vore ein viktig landbrukskommune og er ein av dei fremste i Rogaland. Sau, storfe, gris og litt fjørfe.
- Hjelmeland er eit fruktparadis. Fruksatsinga er tatt til nye høgder dei siste ti åra. Nå er Hjelmeland den desidert største fruktkommunen i Ryfylke og Rogaland, og er på Hardangernivå. Eple er den store satsinga, men også pærer, plommer og morellar har fått ein solid plass. I Årdal finn du eit eige fruktpakkeri under paraplyen Ryfylkefrukt. Her sender produsentar i både Hjelmeland og resten av Ryfylke frukta si for pakking.
- Norstone har sanduttak i Årdal, ettersom store delar av denne flatbygda har store sandressursar. Sand og stein frå Årdal går til betong innanriks og utanriks.

VISSTE DU AT?

- Rogaland Sparebank har eit av kontora sine på Hjelmeland. Banken heitte først Hjelmelands Kommunebank og starta heilt tilbake i 1907. Deretter skifta dei namn til Hjelmeland Sparebank, før dei i 2024 gjekk saman med Sandnes Sparebank og blei til Rogaland Sparebank.



Rogaland Sparebank er stolt og stødig sponsor av Ryfylkequizen.

- I Hjelmeland kommune kostar det ikkje å ha barn i barnehagen. Frå hausten 2022 har nemleg barnehageplass vore gratis i kommunen.

- To av dei mest populære turmåla i Hjelmeland heiter Trodla Tysdal og Skomakarribbå. Berre namna bør lokka deg til å oppsøkja attraksjonane.



- Laurdag 18. juni 2022 var det stor fest i Hjelmeland, då Helgøybrua på 290 meter skulle opnast. Tett på 1 500 menneske samla seg for å feira opninga av brua over Helgøysundet.

Barn og ungdom:

- Idretten i kommunen er nå samla inn under Hjelmeland IL. Ski, løp og fotball er dei største greinene. Nytt klubbhus og ny kunstgrasbane er på plass, og fotballaga spelar i kvite skjorter og svarte bukser.
- Dei som går på kulturskulen kan gå både i Årdal, på Fister og på Hjelmeland. Desse tre plassane har også grunnskule, medan det er felles ungdomsskule på Hjelmeland. Nå blir det også bygd heilt ny ungdomsskule.
- Hjelmeland har ei eiga ungdomsteatergruppe, som set opp førestillingar med jamne mellomrom. Det er Hjelmeland Samfunnshus som er teaterplassen i Hjelmeland.
- Når ungdomar frå Hjelmeland skal på vidaregåande skule, pendlar dei fleste til Tau og Strand vgs.



KAN SKRYTA AV:



Årdalselva. Ei av dei beste lakse-elve i Rogaland. Fisket opnar 20. mai kvart år.



Verdas største jærstol er raud, og den finn du utanfor kommunehuset i Hjelmelandsvågen.



Kveita frå Jøsenfjorden er nesten meir kjent i utlandet enn i Norge, og er høgt verdsett av kokkar over heile verda.



Jon Arne Helgøy! Den mest morosame skyssbåtføraren i heile landet. Han har vunne både reiselivspris for Rogaland, Hjelmelandsprisen og Ryfylke sin eigen Pilt-Ola pris.



Ryfest. I årevis var namnet Norsk Frukt- og laksefest. I 2021 heitte denne mat- og opplevingsfestivalen for første gong Ryfest. Set av første helga i september.



Laks! Ryfisk er det største lakselakteriet i Rogaland, og ligg på Hundsnes i Hjelmeland. MOWI slaktar oppdrettslaks frå Ryfylke og sender 16 trailerar med fisk kvar dag.



Karen Kyllsø. 21 år gamle Karen Kyllsø frå Årdal kom måndag 13. januar fram til Sydpolen. Ho er dermed den yngste polfararen som har gått til Sydpolen åleine. Målet var å bruka 50 dagar, men grunna tungt føre, sliten kropp og tung pust, måtte Karen setja ned farten og brukte derfor 54 dagar. Ho hadde rekna mat til 55 dagar, så det gjekk akkurat! Skituren var 1130 km lang med 2800 m stigning.



Eplemost og sider. Dan Olav Sæbø er ein av mange fruktdyrkarar i Hjelmeland. Både han og nabo Bodil Kvame har vunne verdsmeistertitlar i sider. Siderproduksjon er verkeleg populært i fruktkommunen. Både Dan Olav og Bodil produserer også store mengder med eplemost, som også mange andre i Hjelmeland gjer.



Magnhild Meltveit Kleppa! Var ein markant nasjonal polititar i 30 år. Stortingspolititar, statsråd i fleire regjeringar og til sist fylkesmann. Har også vunne Pilt-Ola prisen.

VERD Å FÅ MED SEG

Frukt



foto: Feien og Fjong

Ryfylke, og spesielt Hjelmeland, er ein stor fruktprodusent. Eige fruktpakkeri i Årdal.

Miljøferjer



foto: skipsrevyen.no

Først i verda! Ja, i 2023 byrja den nyaste ferja «Hydra» å kryssa Jøsenfjorden på det miljøvenlege drivstoffet hydrogen. Dermed blei ferjesambandet mellom Nesvik, Hjelmeland og Skipavik den første ferjestrekninga i verda med denne type drivstoff om bord. I tillegg går den andre ferja, «Nesvik», på elektrisk straum. Hydrogen, ammoniakk og LNG er blant drivstoffa mange vonar skal gjera ferje- og skipstrafikk utsleppsfri.

Fistersendaren



foto: turanbefalinger.com

Vil du sjå nesten «heile» Ryfylke frå ein plass? Ta turen opp til Fistersendaren på Lauvåsen. Frå Fister kan du gå på grusveg på knappe tre kilometer heilt til topps, og då opnar Ryfylke og Boknafjorden seg 502 meter over havet.

Jøsenfjorden



foto: skipsrevyen.no

Jøsenfjorden er ein av dei mektigaste, men kanskje ukjente fjordane i Ryfylke. Her stupar fjella ned i havet på begge sider, og botn vil ingen enda ta. Den mest besøkte fjellformasjonen heiter Skomakarnibbå. Faktisk er det litt snodig at når fjorden smalnar mot slutten, så finn du bygda Jøsenfjorden. Ja, altså det same som den 27 km lange fjorden heiter. Heilt inst i fjorden finn du den fråflytta plassen Førre, som har hatt ein sentral plass i høve kraftutbygginga Ulla-Førre på 70- og 80 talet.

Eventyrskogen



Eventyrskogen i Årdal er blitt ein stor turistattraksjon. Eldfinn Austigard har skore ut eventyrfigurar i tre og sett dei inn i ein magisk skog på oppsida av sandbygda Årdal.




Hjelmeland kommune
– *Hjelmeland naturlegvis*

STRAND KOMMUNE

www.strand.kommune.no

foto: Visit Norway



Innbyggjartal: 13 813 per 01.01.2025

Kommunesenter: Jørpeland

Ordfører: Irene Heng Lauvsnes (Høgre) - vald i 2015, attvald i 2019 og i 2023.


Varaordfører: Bjørg Tryland (Kristeleg Folkeparti)

Kommunevåpenet syner tre vasshjul på sølv bakgrunn. Det passar godt med vasskraft, mølleverksemd og industri, både knytt til stadene Jørpeland, Tau og Fiskå.

Geografi:

Strand kommune grensar til lands til Hjelmeland i nordaust og til Sandnes i sør, og til vanns til Stavanger i vest. Det høgaste punktet er Heiahornet på 774 moh. I ryfylkemålestokk er Strand liten i areal, men klart størst i folketalet. Tettstadene Tau og Jørpeland står for det aller meste av folketalet. På Jørpeland bur det 8 000 menneske. Fiskå, Bjørheimsbygd, Heia, Solbakk og Idse er dei mest kjente bygdene utanom. Strand ligg nær Stavanger og fekk i 2019 undersjøisk tunnel til Hundvåg i Stavanger. Alle i Strand bur på fastlandet, bortsett frå nokre få som bur på småøyane Heng og Sør-Hidle.

Innbyggjarane på nordsida av Lysefjorden i gamle Forsand kommune blei ein del av Strand kommune frå 01.01.2020. Dermed fekk Strand 168 fleire menneske, og bikka 13 000 innbyggjar. I same renna blei også Preikestolen overført til Strand kommune. Strand kommune er 262 kvadratkilometer stor.



Kom deg til Strand:

- 30. desember 2019 blei Ryfylketunnelen opna. Verdas lengste undersjøiske tunnel er 14,4 km og strekkjer seg frå Solbakk i Strand til Hundvåg i Stavanger. Ferja mellom Tau og Stavanger, samt hurtigbåten mellom Jørpeland og Stavanger, blei då lagt ned.
- I over eit år var det gratis å køyra gjennom tunnelen. I 2021, då det blei bomavgift, var målet at 4 800 personbilar skulle køyra gjennom Ryfylketunnelen per døgn. Snittet har passert 5 800.
- Det går ofte buss mellom Stavanger og Strand. Av og til er bussane vel fulle ...
- Du kan framleis ta hurtigbåt mellom Stavanger og Tau, og vidare til øyane i Ryfylke.
- Frå nord kjem du køyrande riksveg 13 frå Hjelmeland.
- Du kan også ta ferje mellom Lauvvik i Sandnes og Oanes i Strand (som låg i Forsand før).

Historisk sus:

- Krafta frå elvene har vore vesentleg i Strand. Jørpelandssånå produserte kraft til Stålverket. På Tau og Fiskå har det vore 150-års tradisjon med mølleverksemd.



- Hola Eigå. Eller den hole eika. Midt mellom Tau og Jørpeland bøyer ei staseleg eik seg over Riksveg 13. På folkemunne er dette skiljet mellom nord og sør i Strand. Og ja, det har historisk sett vore mange stridigheter mellom dei som har budd på kvar si side av treet.

- Det første bedehuset i Norge blei bygd rett på sida av kyrkja på Strand i 1837. Då er me like ved Tau. Men, dei frå Hjelmeland meiner *dei* har det eldste bedehuset. Begge bedehusa er i dag vekke.
- Strand kan skilta med eit område med 2 500 år gamle helleristningar. Feltet ligg ved sjøkanten, ikkje langt frå der Ryfylketunnelen kjem opp på Solbakk.
- Jørpeland fekk ei oppblomstring for vel 100 år sidan. I 1913 blei det etablert eit stålverk, og Jørpeland blei ein industristad på linje med Sauda.
- Strand kyrkje i utkanten på Tau er den eldste kyrkja i Strand, og er frå 1874. Men, hausten 2021 fekk Tau ny kyrkje, midt i sentrum. Jørpeland har ei kyrkje frå 1969.

Næringsliv:

- Stålverket på Jørpeland starta å produsera stål i 1913. På slutten av 1970-talet jobba det 1200 personar på verket. Sidan den gong har verket hatt tre konkursar, skifte av eigarar og ny produksjon. Nå er det derimot heilt slutt med stålproduksjonen, på området som var sjøelve limet i bygda. Men, kva skal skje på den store stålverkstomta? Det er store planar om å byggja datasenter på delar av området, fordi eit slikt senter treng tilgang til mykje kraft. Men, det er også store protestar mot prosjektet. Truleg får me ei avklaring i løpet av 2025.
- Det har vore mølle- og kvernhusdrift på Tau sidan 1855. Tau Mølle produserer mellom anna Puffa Ris og Puffa Havre i eit monumentalt bygg ved kaien på Tau. Men, det er berre ein liten del av produksjonen. Det store nå er produksjon av erteprotein til fiske- og dyrefôr, og nå: Mat til vegetarindustrien..
- Fiskå Mølle er ein vesentleg kraftfôrprodusent. På Fiskå har det vore produksjon sidan slutten av 1800-talet.
- Nordmarka industriområde nord for Tau er det største i sitt slag i Ryfylke. Her er stor og mindre industri samla, med alt frå steinbrot til hightech-teknologi. Systemhuset for elektronikk, Westcontrol, er i særstilling, og i stadig vekst. Nærare 300 tilsette lagar alt frå el-billadarar til avanserte data-kort.
- Ryfylke Trelast er det største byggjefirmaet i Ryfylke, med base på Alsvik i Strand. Verksemda har mellom anna stått for bygginga av nye, store byggjefelt på Tau og Jørpeland.
- I Bjørheimsbygd finn du Glasskjellaren, som produserer glaskunst.
- Avanti Ryfylke er ei unik bedrift på Jørpeland, som er ei såkalla tilrettelagt verksemd. Avanti har alt frå vaskeri til sal av trevarer og montering.

VISSTE DU AT?

- Har du høyrd om Comrod? Bedrifta starta i 1948 med nokre brør som bygde fiskestenger.



I dag er Comrod verdsleiane innan antenneteknologi, både innan forsvar og kommersielt bruk. Det som verkeleg er i vinden for tida er såkalla komposittstolpar. Dette er master for luftlinjer, til bruk i energi- og telekommunikasjonsbransjen. Stolpane blir plasserte i naturen på ein skånsam måte.

- Flor og Fjære ligg på Sør-Hidle i Strand kommune. Sør-Hidle har ein fauna som ingen andre, og når du kjem til Flor og Fjære får du oppleve blomar og vokster, som du aldri trudde fanst i Norge.



- Ryfastløpet blei arrangert 5. oktober 2019. Den einaste og djupaste undersjøiske halvmaratonen i verda. Frå Stavanger, via Hundvågtunnelen og så Ryfylketunnelen – 21 km langt og 292 meter under havet og til Solbakk. Det var påmeldt 7500 løparar. MIL og Staal arrangerte eit av Norges største idrettsarrangement det året.

- Strandbuen er lokalavisa for Strand. Ja, ikkje berre for Strand, men Hjelmeland og Forsand med. Avisa kjem ut kvar onsdag og fredag i papirformat, og er inne i sin 62. årgang.

- Mølleparken på Tau er eit av dei mest idylliske turområda i Strand.



Her er ein eigen villa, som tidlegare direktørar ved Tau Mølle disponerte. Flotte plenar og ei fin turløype rundt Krossvatnet, i tillegg til leikeområde for barn.

Barn og ungdom:

- Staal Jørpeland IL og Midtbygdens IL (MIL) på Tau er dei to største idrettslaga i Ryfylke. Det er alltid høg temperatur når dei svarte og grønne stripene frå Jørpeland møter dei kvite og grønne stripene frå Tau til fotballkamp. Men, det er likevel meir fredfullt nå enn før. Fiskå har også egne fotballag
- Speidar, trial, skating, teater og musikk er populære fritidsaktivitetar i Strand, i tillegg til idrett av alle slag.
- I Strand finn du grunnskule både på Fiskå, Tau og Jørpeland. Nordre Strand skule på Fiskå har fleire gonger blitt truga av nedlegging, seinast i 2024. Skulen er førebels freda. Elevane i Strand går ungdomsskulen på Tau eller Jørpeland. Det vil seia: Strand er den einaste kommunen i Ryfylke med friskular, der du finn både KF Skolen og Tryggheim Strand. Her er det tilbod frå 1. til 10. klasse. Desse friskulane har også elevar frå andre kommunar i Ryfylke.
- Strand vidaregåande skule har 640 elevar. Les meir om Strand vgs på side 28.

KAN SKRYTA AV:



foto: Kristofer Ryde

Juletrebyen Jørpeland! Saman med juletreprodusentane i området skapar Juletrebyen Jørpeland aktivitetar, merksemd og identitet for ein gamal norsk tradisjon: juletreet! Kvart år før jul blir heile byen pynta med juletre.



Knutepunktet Tau! Ved det høgreiste møllebygget har folk reist med ferje mellom Stavanger og Ryfylke i nesten 60 år. Nå er ferjesambandet lagt ned. Men, Tau blomstrar som aldri før. Og i 2021 blei den nyaste kyrkja i Ryfylke innvia, midt i sentrum på Tau.



foto: stavangerinmyheart.blogg.no

Jørpelandsholmen! I 2017 blei Staalverksbrua, ei gangbru som går frå Jørpeland til Jørpelandsholmen, opna. Holmen er nå blitt det mest populære turområdet i Strand. Det er på grensa til trongt der!



foto: solspeilet.com

Ny og gammel kunst: I Kuvika på Solbakk finn du eit par tusen år gamle helleristingar frå bronsealderen. Heile 40 figurar er å sjå på svaberget i vika. Drar du til Jørpeland kan du skua Solspeilet. Denne åtte meter høge pyramiden i rustfritt stål er reist på Klungholmen, like ved Jørpelandsholmen, av kunstnar Stian Heimlund Skjæveland.



Jørpeland er by. Jo visst fekk Jørpeland bystatus 1. april 1998. Det var ingen aprilspøk.



Strandadagane i juni er den største festivalen i Ryfylke, med 10-12 000 besøkjande. Jørpeland er plassen, og det er fest tre dagar til ende.



foto: Geir Olsen

Gunn Rita Dahle Flesjå! Olympisk meister og verdsmeister i terrengsykling, frå Bjørheimsbygd som nå bur i Sandnes.

VERD Å FÅ MED SEG

Tau skule



Tau skule er ein av barneskulane i Strand kommune, med sentral beliggenheit på Tau.

Skulen har omtrent 350 elevar på 1. til 7.trinn, og 60 tilsette. Skulen har eit flott bygg med stor kantine, idrettshall med klatrevegg og handballbane, bibliotek, auditorium og eit kjekt uteområde kalla "Superparken". Skulen blei opna av ordførar Irene Heng Lauvsnes i 2019.

Westcontrol



Westcontrol blei i november kåra til Årets bedrift i Stavanger-regionen 2024. I juryens grunngjeving blei det lagt vekt på den enorme veksten til bedrifta, både økonomisk og arealmessig. Nå står 3500 nye kvadratmeter klar til bruk i fabrikk på Tau. Westcontrol leverer produkt til eit krevjande og kresent marked, og må heile tida ha riktig kompetanse.

Preikestolen



Preikestolen ligg nå i Strand kommune, men var fram til 31.12.19 i Forsand kommune. Fjellplatået er eit populært turistmål i Ryfylke, og i 2024 blei det registrert 380 877 besøkjande til Preikestolen.

Fjelltun skule



Fjelltun skule er barneskule for 1. til 7. trinn tilhøyrande Jørpeland skulekrets. Skulen har omtrent 750 elevar og 100 tilsette. Skulen stod ny i 2022 og har eit flott uteområde som er populært å leike på både i skuletida og ellers. Kanskje også den einaste barneskulen med svær takterrasse, skaparverkstad og eit hjerterom.


Fjelltun ligg like ved den nye og flotte Jørpeland Fleirbrukshall.

Juletre



Ryfylke er den regionen med flest juletre i heile Norge, og Strand er den store juletrekommunen i Ryfylke. Fleire gardbrukarar har kasta seg inn i juletreproduksjonen, og for somme er nå juletre heile næringsgrunnlaget. Norsk Juletreservice er produsentorganisasjon i Rogaland og Vestland, med flest medlemmer frå Ryfylke. Vel 55 000 ekte juletre blir årleg levert frå produsentar i Ryfylke til Norsk Juletreservice, for vidareasal. Av desse kjem vel 25 000 tre frå Strand.

I tillegg kjem alle trea som produsentane sel direkte sjølv.
God jul!



Strand kommune
– Sammen om trivsel

FORSAND

i Sandnes kommune

www.sandnes.kommune.no

foto: rogfk.no



Innbyggjarar: 1 012 per 01.01.2025. Det utgjør 1,19 prosent av innbyggjarane i heile Sandnes kommune, som har 84 908 innbyggjarar.

Kommunedelsenter: Forsand

Ordførar: Kenny Rettore (Høgre) - vald 2023

Varaordførar: Kristoffer Birkedal (Framstegspartiet)

Kommunevåpen: Ein sandnesgauk i sølv på grøn bakgrunn. Sandnesgauken er ein leirgauk, som blei laga grunna tegl- og keramikkindustrien i byen. Forsand sitt kommunevåpen fram til 01.01.2020 var ei hegre.

Geografi:


Forsand i Sandnes kommune grensar til Hjelmeland og Strand i nord, i sør mot Gjesdal, og i aust mot Bykle og Sirdal i Agder. Det høgaste punktet i Sandnes kommune er Lysekammen på 1 304 moh, som ligg nordaust for Lysebotn. Altså i gamle Forsand kommune.

Kommunediskusjon

Frå 01.01.2020 slo dåverande Forsand kommune seg saman med Sandnes kommune. Regjeringa bestemte også at Forsand nordvest for Lysefjorden skulle bli ein del av Strand kommune. Dermed gjekk 168 forsandbuar frå den såkalla Kolabygda over til Strand kommune. Strand fekk også Preikestolen. Ferjeleiet på Oanes i gamle Forsand, ligg dermed i Strand kommune. Det same gjeld Lysefjordsenteret, som tar imot tusenvis av turistar kvart normalår. Sjølv om størstedelen av Forsand blei ein del av Sandnes i 2020 har diskusjonane om kommunegrensar halde fram. I Februar 2022 føreslo Statsforvaltaren i Rogaland at heile gamle Forsand burde innlemmast i Strand kommune. I ei folkehøyring i januar 2022 sa også 54 % av dei frå Forsand at dei heller vil høyra til Strand. 44 % vil vera i Sandnes. Likevel har fleirtalet på Stortinget bestemt at kommunegrensa ikkje blir endra tilbake.

Kom deg til Forsand:

- Køyr Riksveg 13 og Ryfylketunnelen frå Stavanger. Ta til høgre på Solbakk og følg fylkesveg 523 forbi Jørpeland. Sving over den spektakulære Lysefjordbrua og du er på Forsand!
- Du kan koma over frå Sirdal og Suleskaret og ned i Lysebotn. Skal du vidare må du ta båt.
- Det går hurtigbåt til bygdene i Lysefjorden måndag til fredag, i tillegg til søndag. Dessutan går det bilferje innover Lysefjorden måndag, onsdag, fredag og søndag. Om sommaren kan du også ta ei turistferje, som er i minste og eldste laget. Det er planar om betre tilbod her.
- Ferje mellom Oanes og Lauvvik? Vel, det har vore eit stort spørjeteikn. Knutepunktet mellom gamle Forsand og Sandnes var fram til nyttår 2019-2020 drive av offentlege midlar. Etter at Ryfylketunnelen opna, blei ferja driven privat, utan offentlege subsidier. Men, etter kvart slutta ferja å gå, og det var ikkje ferjedrift på eit halvt år. 25.mai 2023 blei den nye Høgsfjordsferja MF «Svelviksund» møtt med flagg og jubel, då Høgsfjordsambandet igjen opna.



Det som er raudt er Forsanddelen av Sandnes kommune. Det som er brunt, er resten av Sandnes.

Historisk sus:

- Forsand har vore ein kraftkommune, og Sandnes er nå ein kraftkommune. Lysebotn og Flørli er dei to sentrale plassane historisk sett. Flørli Kraftstasjon på sørsida av Lysefjorden blei bygd i 1917, i hovudsak for å produsera straum for innbyggjarar i Stavanger. Flørli var eit eige samfunn med skule, butikk og postkontor.
- Vil du tilbake til bronse- og jernalder, er Landa Park på Forsand rette staden å reisa. I følgje Arkeologisk museum i Stavanger er det her på Forsand og Fossanmoen det er funne flest spor etter eldgamle hus i heile Rogaland.
- Forsand kyrkje er frå 1854. Før den tid måtte folket i Forsand kryssa Høgsfjorden for å dra til Høle for kyrkjelege handlingar. I Lysebotn finn du Lyse Kapell frå 1961.
- Ole Olsen Sangesand frå Lysefjorden var kjendis då han levde (1779-1858). Han var handelsmann, kyrkjeieigar, eventyrar og kremmar. Ole, eller Pilt-Ola som han blei kalla, ville skapa ein betre kvardag for folk flest. Han satsa, med ulikt hell. Pilt-Ola gjekk mellom anna til Finnmark og tok med seg tamrein tilbake til Setesdal-Ryfylke. Historia seier også at han ville gå til Amerika. Ole gjekk gjennom heile Russland og kom til Beringstredet. Der snudde han, for han kom seg jo ikkje til Amerika. Turen tok over sju år. Ole Alexander Mæland har spelt Pilt-Ola i Pilt-Ola spelet dei siste tre åra.



Næringsliv:

- Forsand er tufta på sandindustri. Det er store verdiar som kvart år blir tatt ut frå ulike sandtak. Forsand Sandkompani har tatt ut sand frå Fossanmoen sidan 1964.
- Norsk Spennbetong er ei stor entreprenørverksemd, som produserer og monterer betongelement til alle typar bygg og vegprosjekt. Verksemda har nå 90 tilsette, og har store oppdrag i heile Norge. Norsk Spennbetong produserer straum sjølv ved eit svært solcellepanel.
- Forsand er kraft. Det har vore produsert kraft frå vatna i fjella rundt Lysefjorden i over 100 år. Energiselskapet Lyse har nyleg bygd heilt ny og moderne kraftstasjon i Lysebotn.
- Landbruket står sterkt i Forsand. Du finn mykje storfe, sauer og ikkje minst høner her sør i Ryfylke.
- Lysefjorden er den desidert største turistmagneten i Rogaland. På eit normalår er 700 000 - 800 000 menneske på land og sjø i fjordområdet.
- Hessel Haker er opphavleg frå Nederland. Han har funne levebrødet sitt i kraftbygda Flørli, ja den med dei 444 trappetrinna. Overnattingsplass i både hus og telt, i tillegg til restaurant i den gamle kraftstasjonen. Flørli er blitt ein svært populær stad. Hessel er den einaste fastbuande i Flørli. I 2024 gav han ut bok om kraftbygda Flørli.

VISSTE DU AT?

- Pilt-Ola har fått ein eigen pris kalla opp etter seg. Kvar haust deler Ryfylkealliansen ut Pilt-Ola-prisen til ein ryfylking som har våga, satsa og sett Ryfylke på kartet. Vinnarane så langt er skyssbåteigar Jon Arne Helgøy (2017), Bjørn Moe ved Mo Laksegard (2018), tidlegare statsråd Magnhild Meltveit Kleppa (2019), tomatgartnar Jan Terje Vignes (2020), drivar av Ryfylke bakeri & konditori Gunvor Fiskå (2021), dugnadsgeneralen ved Hovlandsnuten opp Per Inge Fjellheim (2022), rektor ved Strand vgs. Erik Danielsen (2023) og avdelingsleiar ved Suldal Bad og dagleg leiar av Drøs Matbar og Kaffebar Bonolo Ramphomane-Aandahl (2024).

- Tunnel til Gjesdal? Forsandbuen har i mange år kjempa for å få byggja tunnel frå Espedal sør for Forsand til Frafjord i Gjesdal. Då vil ein korta reisevegen både sørover og austover i landet. Men, ting tar tid. Det er lite politisk fart i arbeidet, og ingen veit heilt når og om arbeidet kan starta.

- Lysefjordbrua som ligg ved innløpet til Lysefjorden knyter Forsand saman med Strand kommune. Brua er frå 1997 og har eit spenn på 640 meter.

- Nå er kommunevåpenet til forsandbuen Sandnes sin gauk.



Slik såg kommunevåpenet til Forsand ut før – ei hegref.

- Gå! Ja, områda rundt Lysefjorden og i heiane, er svært populære turområde. Ikkje rart det er aktivt turlag på Forsand.

Barn og ungdom:

Forsand IL driv i hovudsak med handball og fotball. Forsand speler i blå drakter og blå shortsar. Kulturhuset, idrettshall, kunstgrasbane og skule ligg vegg i vegg på Fossandmoen. Her er det stor kulturell aktivitet, med alt frå musikk- og kulturskule til eit flott symjebasseng. Naboane i Strand har også vore misunnelege på dei frå Forsand, som har slikt flott basseng. Det er ikkje få strandbuar som har tatt turen over Lysefjordbrua for å bada.



KAN SKRYTA AV:



Fornminne! Knappt nokon kommune i Rogaland kan skilta til så mange funn frå eldgamle dagar, som Forsand. På og ved Fossanmoen, ved fortidslandsbyen Landa, er det grove opp mange kulturskattar fleire tusen år tilbake, frå bronse- og jernalder.



Verdas største hammar står utstilt utanfor lokala til Forsand Byggservice. Nesten 9 meter lang og 4,7 meter høg, og skore ut av trekunstnar Oliver Vogt.



Lysefjorden! Er det ein flottare fjord i Norge? Den majestetiske Lysefjordbrua inviterer deg inn til ei 4,2 mil lang fjordoppleving. Her stupar fjella ned i den djupe fjorden, der Kjeragplataet er mektigast. På båtdekkka høyrer du skrytet på mange ulike tungemål.

foto: Fredrik Refvem / Stavanger Aftenblad



Lysebotn Opp! Rulleskiløpet som går opp dei 27 hårnålssvingane frå Lysebotn. Blir arrangert på seinsommaren som ein del av Blinkfestivalen i Sandnes. Ein av dei mest populære tv-sendingane til NRK om sommaren.

foto: FasterSkier.com



Reiseliv: Ingen andre deler av Ryfylke har så mange reiselivsaktørar som Forsand, ut frå innbyggjartalet. Langs heile Lysefjorden finn du små og store overnattingsplassar, matservering og aktivitetstilbydarar.



Solstova er eit populær sanserom på aldersheimen Forsandheimen. Med ein fantastisk utsikt ut over Lysefjorden og Høgsfjorden kan bebuarane kosa seg med sandstrand, palmesus og varme. For her kan du ved eit enkelt tastetrykk ta turen til både Miami Beach og Mauritius.

VERD Å FÅ MED SEG

Skåpet




Skåpet er ei sjølvbetent turisthytte som skil seg ut frå andre ved ei hovudhytte med seks, små, separate sovehytter du kan førehandsleiga. Hyttene har moderne arkitektur og har ein fantastisk utsikt rett ut mot Soddattjørna.

Rune



Ved Lysefjorden Marina er det både utleiehytter, gjestehamn og Jokerbutikk. Og møter du på eigar Rune Stangeland får du både eit smil og høve til å kjøpa syrekaker i butikken.

Kjerag og Kjeragbolten



Kjerag og Kjeragbolten er ein majestetisk turistattraksjon i Ryfylke. 1000 lodrette meter gjev ei flott oppleving frå fjorden og frå toppen. Kjerag hadde 66 856 besøkjande i 2024.

Ryfish og Fishglobe



På Forsand bur Arne Berge, som er ein Petter Smart innan havbruksnæringa. Han har utvikla ein spesiell installasjon, som liknar på ein stor dobbe som ligg i fjorden. Ved innløpet til Lysefjorden ser du to stk. såkalla Fish-Globes. Det er lukka anlegg med laksesmolt. Når smolten får veksa litt ekstra i desse globane, treng den mindre tid i ope anlegg etterpå. Då blir det også mindre fare for lakselus. Arne Berge og co har også starta noko dei kalla Ryfish. Går alt etter planen blir det eit eige visingsanlegg innan akvakultur ved Lysefjordsenteret på Oanes.

Lysebotn



Lysebotn ligg inst i Lysefjorden, ei bygd med 5 fastbuande og over 120 000 tilreisande kvart år. I Lysebotn finn du campingplass, hytter, Bed&breakfast, samt Lysefjorden turisthytte. Lysebotn har også eit aktivitetssenter med opplæringskurs for basehopparar.



Sandnes kommune
– I sentrum for framtiden

RYFYLKEØYANE

i Stavanger kommune

www.stavanger.kommune.no



Innbyggjarar: 8 447 per 01.01.2025, der Finnøy kommunedel har 3 423 innbyggjarar, medan det bur 5 024 i øyane i Rennesøy. Totalt har Ryfylkeøyane under 6 % av Stavanger kommune sine vel 150 000 innbyggjarar. Men, over 70 % av geografien i storkommunen er øyriket.

Kommunedelsenter: Judaberg på Finnøy og Vikevåg på Rennesøy

Ordførar: Tormod W. Losnedal (Høgre), ny hausten 2024

Varaordførar: Henrik Halleland (Kristeleg Folkeparti)

Kommunevåpen: Ein avkvista vinranke med blad i gull på blå bakgrunn. Motivet er frå eit bysegl frå 1500-talet.

Geografi:

Ryfylkeøyane i Stavanger kommune grensar til Randaberg i sør, Kvitsøy i vest, Hjelmeland og Strand i aust og Suldal, Vindafjord, Tysvær og Bokn i nord.

Ryfylkeøyane består av 24 øyar som det bur folk på. 16 av desse låg i Finnøy kommune, åtte i Rennesøy kommune.

Frå 1. januar 2020 blei tidlegare Finnøy kommune og Rennesøy kommune ein del av Stavanger kommune. Heile øya Ombo, som tidlegare var delt mellom Finnøy og Hjelmeland, blei med på flyttelasset.


I 1992 stod Rennfastsambandet klar. To undersjøiske tunnelar og to nye bruar knytte sju av øyane i tidlegare Rennesøy kommune i hop, og saman med Randaberg på fastlandet. Byfjordtunnelen er nesten 6 km og 223 muh. på det djupaste, medan Mastrafjordtunnelen mellom Mosterøy og Rennesøy er 4,4 km og 133 muh.

Finnøy og Talgje, i tidlegare Finnøy kommune, blei landfaste då Finnøytunnelen opna i 2009. Finnøytunnelen er 5 785 meter lang mellom Hanasand og Ladstein, mens armen til Talgje er 1 467 meter lang. Tunnelen når 200 meter under havet.

Det høgaste punktet i Stavanger kommune er Bandåsen på Ombo, med sine 513 moh. Til samanlikning er det ved Ullandhaugtårnet på toppen av Ullandhaug 139 moh, men der har du god utsikt til Ryfylke!

Kom deg til Ryfylkeøyane:

- Frå Nord-Rogaland kan du køyra E39 og ta ferja frå Arsvågen til Mortavika på Rennesøy. Frå sør kjem du frå Stavanger, via Randaberg og til øyane i Rennesøy.
- På Rennesøy er det ei avkøyring til fylkesveg 519. Følg denne vegen til Hanasand og ned i Finnøytunnelen. Då kjem du opp på Talgje eller Finnøy. På Finnøy kan du ta bilferje vidare til dei andre øyane i tidlegare Finnøy kommune. Du kan også koma til desse øyane via ferje frå Hjelmeland.
- Det går hurtigbåt mellom øyane i Finnøy, og du kan koma frå nord, aust og sør.
- Du kan også ta Ryfylkeferja mellom Jelsa og Nedstrand i nord og Heng i Strand i sør. Dette er i hovudsak ei ferje som går innom småøyar og mindre plassar i Ryfylke.



Det som er raudt er ryfylkeøyane i Stavanger kommune. Det som er brunt, er resten av Stavanger.

Historisk sus:

- Øyane kan skilte med fleire gamle steinkyrkjer frå 1100 og 1200-talet. Sørbø kyrkje på Rennesøy, Hesby kyrkje på Finnøy og Talgje kyrkje er blant dei eldste kyrkjene i landet. Kyrkjene har fleire likskapstrekk med Domkyrkja i Stavanger, med tanke på byggjestil. Domkyrkja feirar 900-årsjubileum i år, til liks med Stavanger by. I tillegg har ein klosterkyrkja på Utstein frå om lag 1260.
- Utstein var først kongsgard, heilt tilbake til 800-talet. For då Harald Hårfagre hadde samla Norge til eit rike i ca 872 e.kr måtte han kvila. Då bygda han kongsgarden på Utstein.
- Ogmund Finnsson budde på Hesby. Han var den mektigaste mannen i Norge og styrte landet som drottsete i to periodar på 1300-talet. På naboøya Talgje var garden Gard ved kyrkja, hovudsete for baronar og mektige menn og kvinner.
- Heilt nord finn du Sjarnarøyane. På Kyrkjøy står ei vakker trekyrkje frå midt på 1600-talet.
- Det er mange bedehus på øyane i tidlegare Finnøy og Rennesøy kommunar. Bethel bedehus på Finnøy er frå 1878, og er det eldste bedehuset i Ryfylke som framleis står og er i bruk. Bethel blir freda av Riksantikvaren nå i mai.
- Det første tomatveksthuset på øyane blei bygd av Torstein Flesjå på Finnøy i 1928. Sidan då har tomatproduksjon blitt ein av dei viktigaste næringane på øyane.
- På Åmøy finn du staden i Rogaland med flest helleristingar. Nesten 1 000 ulike figurar, som er både 2- og 3 000 år gamle.
- Spor etter andre verdskrigen: Tyskarane etablerte forsvarsverk på øyane, for å ha kontroll over innseglinga til Stavanger. På Fjøløy, ikkje langt frå Utstein kloster, er det eit fantastisk turområde, der du går mellom bunkersar og kanonstillingar. På Søre Vignes på Finnøy finn du også eit anlegg, som er ope for publikum. Her kan du også oppleva eit vandreteater, på bestilling.

Næringsliv:

- Då tomateventyret starta på Finnøy i 1928, var det første drivhuset omtrent 50 m2 stort. I dag er Lauvsnes Gartneri på Finnøy, Skavland gartneri på Talgje og Hanasand gartneri på Rennesøy dei store gigantdrivhusa. Storleiken er frå 25 000 m2 til 30 000 m2.
- Stavanger er den største havbrukskommunen i Rogaland. Grunnen er alle oppdrettsanlegga som ligg i kommunedelane Finnøy og Rennesøy.
- På Helgøy i Sjarnarøyane finn du Grieg Seafood sitt store lakseslakteri.
- Ryfylkeøyane har mange sauer. «Klosterlam» er blitt ein spesialitet, og har utspring i garden som er knytt til Utstein Kloster.

VISSTE DU AT?

- Tidlegare Finnøy og Rennesøy kommunar sine kommunevåpen såg slik ut. Finnøy sitt (øvt) var våpenskjoldet til Ogmund Finnsson, og Rennesøy hadde abbed-stavane til abbed Arne frå Utstein kloster som symbol. Dei to levde begge på 1300-talet.



- Innkrevjinga av bompengar til Rennfast blei avslutta i 2006. Men bomstasjonen på Sokn står der endå. Den er freda av Riksantikvaren. 1. juli 2021 blei det også gratis å køyra gjennom Finnøytunnelen, etter eit overraskande vedtak i Stortinget. Mange forventa at ein skulle betala fram til minst 2024.

- Galtamannen! Den aller første vestlending. Dei eldste spora etter menneske langs norskekysten er funne på Galta, sør for Mortavika ferjekai på Rennesøy. Over 10 000 år tilbake i tid!

- Ryfylke styrer Stavanger. Ja, for varaordfører i Stavanger, Henrik Halleland, er frå Finnøy!

- Har du møtt Ombogubben? Når du køyrer frå ferjekaien på Eidssund og til Skipavik på Ombo, møter du eit litt spesielt fjell. Fjellformasjonen blir kalla Ombogubben, eller Adam om du vil. Og fjellet ser ut som ein mann med skikkeleg stor nase.



foto: pål christensen

- Smått er godt. Det er ei øy i gamle Rennesøy, som ikkje er landfast. Det er den vesle øya Brimse, med 5 innbyggjarar. Ein av dei som bur der heiter Frode Ljosdal. Han produserer grønsaker, blommar og blad, som han leverer til restaurantar i både Rogaland og Danmark. På småøyane Byre, Bokn og Måløy i Finnøy er det 22 fastbuande. Og så er det 160 hytter der.

- Øyposten er lokalavisa frå Finnøy, ei avis som fylte 50 år i 2020. Nå har Øyposten utvida området sitt og er lokalavisa for Ryfylkeøyane i Stavanger. Bygdebladet, med kontor på Randaberg, skriv også om saker frå øyane i Rennesøy.

- På Østhusvik på Rennesøy finn du eit stort fellespakkeri for tomatar.
- Øysamfunnet Sjernarøyane har åtte øyar, seks bruer og to butikkar – på 345 innbyggjarar.
- Reiarlaget Rødne har hovudbase på Kyrkjøy i Sjernarøyane. Selskapet har om lag 150 tilsette. Selskapet driv med rutebåtar, chartertrafikk og ambulansebåt.
- Rennesøy har stor satsing på overnatting og matservering. Både Utstein Kloster hotell, Fjordbris hotell og Sjøberg Ferie har god plass og mange senger.

Barn og ungdom:

Barn og unge boltrar seg både i idrettshallar og fotballbanar på Mosterøy og Rennesøy, samt kulturhuset Meieriet i Vikevåg. Finnøy Fleirbrukshall er den kulturelle og sportslege storstova på Finnøy, med alt frå allidrett til "Open Hall". Mastra IL er ei samanslutning av fleire tidlegare idrettslag. Klubben er den største frivillige organisasjonen i tidlegare Rennesøy kommune, og satsar spesielt på handball, fotball og turn. Mastra spelar i raud skjorte og svart shorts. Rennesøy Fotballklubb er ein relativt ny klubb, og det tredje største idrettslaget i Ryfylkeøyane. Finnøy Idrettslag er den største frivillige organisasjonen i tidlegare Finnøy kommune. I fotball spelar laget heimekampane på Leikvoll stadion, i raude drakter og svarte shortsar. Finnøy IL har også ei stor turngruppe, og har starta opp att med friidrett. Klubben fekk nytt, flott klubbhus i 2020.

Speidar, 4H og kulturskule er blant dei mange andre aktivitetane på øyane.

KAN SKRYTA AV:



foto: Halvard Bøe

Festivalar. Tomatfestivalen er den store årlege folkefesten på Finnøy og blir arrangert i august kvart år. Vesentlege bygdedagar er også Sjernarøydagane i juli, Rennesøydagen i slutten av august og Talgjedagen anna kvart år i november. Rennesøydagen har skote i vèret. Det er blitt ein folkefest for Rennesøy kommunedel den siste helga i august. Utstillarar viser det dei har å by på, og det er ulike salsboder. Det blir også delt ut "Mastrafjordprisen" til ein vinnar som fyller kvalifikasjonsstikkorda *øybuar*, *felleskap* og *vegvisar*.



foto: fogn.org

Fogn. Har du høyrd om Fognareven? Ja, det er kallenamnet på ein person frå Fogn. Om fognbuen er litt «luren» av seg, kan diskuteras. Uansett er folk på Fogn herleg patriotiske. Det bur 351 personar på øya. Her er både barnehage, skule, eige tomatpakkeri og med ein legendarisk 17. maifest det går gjetord om. Fogn har også eige a-lag for menn i lågaste divisjonen. Og det viktigaste er å slå rivalen Finnøy når dei møtest til treningskamp eller cupkamp.



foto: Rolf Kristiansen

Ambulansebåten Rygermedic er som eit lim i Ryfylke. Båten har basen sin på Judaberg på Finnøy. Rygermedic var flunkande ny i 2021, og erstatta Rygerdoktoren. Rygermedic har også brannkanon på dekk, og kan vera med i sløkkearbeid ved brannar.



Sauer og høner. Finnøy og Rennesøy har alltid vore store landbrukskommunar. Då dei to kommunane slo seg saman med Stavanger i 2020, blei bykommunen ein stor landbrukskommune og størst i landet på sauer og ein av dei største på fjørfe.



Båtliv. Om sommaren myldrar det av fritidsbåtar i øyriket Ryfylke. Gjestehamnene på Halsnøy og Helgøysund er kåra til å vera blant dei beste gjestehamnene i Norge.



Isbjørnen Finn! Ein 10 600 år gamal isbjørn som blei funnen i ein kjellar på Judaberg, Finnøy. Han er no på Arkeologisk Museum i Stavanger.

VERD Å FÅ MED SEG

Gratis ferjer!



Ja, du las rett. Ein kan reisa gratis på enkelte ferjestrekningar i Rogaland, deriblant Finnøy- og Ryfylkeferja. Denne gratisordninga har øybuane kjempa lenge for å behalda, og endeleg gjekk det gjennom. Mange pendlar med ferje og er derfor glade for at dei kan reisa gratis.

Utstein Kloster



Norges eldste bevarte middelalderkloster ligg på Klosterøy. Klosteret blei bygd rundt år 1260, og tilhørde augustinarordenen.

Tomatar



Ryfylkeøyane produserer langt over halvdelan av alle tomatane i Norge. Me snakkar om vel 8 000 tonn.

Sølvsmeden



Mange tenkjer gjerne på Setesdal når me snakkar om sølvsmedar. Men, på Finnøy finn du faktisk Sølvsmed, med fem tilsette. Ekteparet Folke og Bjørg Helen Helle har drive som sølvsmedar på Finnøy i 40 år. Folke er opphavleg sørlending, og tok med sølvsmedarbeidet heimanfrå og til heimegarden til kona Bjørg Helen på Finnøy. Fire av fem i bedrifta er i familie.

Kyrkjerenoivering



Mellomalderkyrkjene på Hesby, Talgje og Sørbo får skikkeleg oppshining for tida. Spesielt blir det gjort eit stort restaureringsarbeid på Hesby på Finnøy. Kyrkja er stengt i 13 månader, og opnar igjen 1. oktober i år. Då har fagfolk pikka og pussa i muren, og kalka både utvendig og innvendig. Me snakkar om fem lag med kalk! Då skal kyrkja vera godt rusta til å møta dei neste hundre åra.



Stavanger kommune
– Vi bygger fellesskap



SAUDA VGS

– ME VIL MEIR

foto: Sauda VGS

SAUDA VIDAREGÅANDE SKULE

Sauda vgs er ein vidaregåande skule i Indre Ryfylke med eit stort og variert utdanningstilbod. Skulen ønskjer å vera ein skule der elevane trivst og lukkast med utdanninga. Sauda vgs har 480 elevar. Omtrent 54 prosent av elevane ved skulen kjem frå plassar utanfrå Sauda og Suldal. Elevane bur enten heime i Sauda under utdanninga, pendlar frå Sand og omegn, eller bur på internatet Campus. Sauda vgs har fokus på å skapa trivsel også utanom skuletid, og har derfor fleire aktivitetstilbod og sosiale arenaer på ettermiddag- og kveldstid.

Sauda vgs har til saman tre bygg. To i Sauda og eitt på Sand. Hovudavdelinga Lofthus ligg sentralt ved Sauda sentrum og husar dei fleste utdanningstilboda. Transportfaga finn du på avdeling Birkeland, 10 minutt køyring frå Sauda sentrum, med klasserom, garasje/verkstad og stor plass til køyretur utanfor. ToppVolley Norge er å finna på avdeling Sand, med både skulebygg, idrettshall og internat.

Utdanningstilbod ved Sauda vgs

- Bygg- og anleggsteknikk
- Helse- og oppvekstfag
- Idrettsfag med Villmarksliv
- Teknologi- og industrifag
- ToppVolley Norge
- Yrkessjåfør
- Elektro og datateknologi
- Idrettsfag med Park- og frikøyning
- Studiespesialisering
- Yrkes- og studiekompetanse (YSK)
- Påbygging til generell studiekompetanse

I tillegg til

- Innføringsklasse
- Vaksenopplæring
- Tilrettelagt opplæring



foto: Strand VGS

STRAND VGS

– DET BESTE I DEN ENKELTE

STRAND VIDAREGÅANDE SKULE

Strand vgs ligg sentralt på Tau i Ryfylke. Den vidaregåande skulen har 640 elevar, men har planar om å byggja ut for å ta i mot 800 elevar. Dei tilsette ved skulen er opptatt av å gjera det dei kan for å skapa best mogleg læringsmiljø. Trivsel skapast saman med andre, både medelevar og lærarar. Strand vgs har som mål å vera ein god stad å læra, og ein god stad å vera.

Strand vgs har bibliotek, kantine, klasserom, butikken "Godt gjort", Ryfylkehallen (der skjer mykje av idrettsaktivitetane) og eit flott moderne havbrukssenter med realfagsavdeling og kaianlegg.

Det store jule-korslaget er ei årleg storsatsing ved skulen. Direktesendt sending, der alle klassane stiller på scenen med song og show. Inntektene går til Tanzaniaprojektet.

Det er enkelt å pendla til skulen, både frå andre deler av Ryfylke, samt Stavanger og sørover. Elevane kjem med buss og båt. Det er også mogleg å leiga rom i hybelhuset nær skulen. Skulen arrangerer elevkveldar og har kontakt med elevar som bur på hybel rundt i Strand kommune.

Utdanningstilbod ved Strand vgs

- Elektro- og datateknologi
- Idrettsfag
- Salg, service og reiseliv
- Teknologi- og industrifag
- Helse- og oppvekstfag
- Naturbruk
- Studiespesialiserande
- Påbygg til generell studiekompetanse

I tillegg til

- Innføringsklasse
- Vaksenopplæring
- Tilrettelagt opplæring



STRAND
VIDEREGÅENDE SKOLE

Les meir om Strand vgs på strand.vgs.no



Aktuelle Ryfylke



Ryfylkepuls

Ryfylkepuls er Ryfylkealliansen si storsatsing som tar pulsen på Ryfylke. Ulike tema, ulike folk, ulike vinklingar og frå ulike stader. Fokus på bulyst og livsglede, ungdomar og næringsliv. Frå inste, små bygder til større småurbane tettstader, frå fjord og til hei, ungdom og vaksne. Det blir publisert ei sending av Ryfylkepuls på 12-16 minutt kvar måned, og korte klipp og saker blir sendt innimellom. Du finn Ryfylkepuls på ryfylkealliansen.no, Facebook, Instagram, YouTube og LinkedIn.

Våre gode samarbeidspartnarar gjer Ryfylkepuls mogleg. Dei gjer at me kan produsera sendingar rundt om i vårt omfangsrrike Ryfylke og presentera kva regionen vår har å by på. For det er mykje! Saman arbeider me for ungdom, studentar, utflyttarar og drøymarar. Me er stolte av å ha engasjerte samarbeidspartnarar med på laget. Takk til Sparebanken Vest, Westcontrol, Norsk Spennbetong, Eramet Norway Sauda, Sauda vgs og Strand vgs.



Podcast På ekta

Ryfylkealliansen har eigen podcast kalla «På ekta». Det blir galskap og glede, kvardagsfest og nedturar. Lidenskapleg, jordnært og ærleg. Kort og godt innhaldsrrike historier om alminnelege, spennande personar. Samtidig er «På ekta» eit skråblikk på ryfylkingen og herlege møte uansett kva forhold ein måtte ha til Ryfylke.

«På ekta» kan høyrast på nettsida, eller på bl.a. Spotify og Apple Podcast.



ryfylkeZett

Ryfylkealliansen har stort fokus på ungdom og jobbar særleg for å nå ut til dei unge. Kven er vel best eigna til det, enn ein ungdom sjølv? Ryfylkealliansen har engasjert Julie Lendengen Mæhle som har oppretta ein instagramprofil kalla ryfylkeZett. Namnet kjem frå «generasjon Z» og «Ryfylke zett med eit ungt blikk». Kontoen vil bli brukt til å visa kva Ryfylke har å by på for ungdomar og studentar, både når det gjeld næringsliv, bu plass, turmoglegheiter, arrangement osv.

Følg ryfylkeZett på Instagram, så får du det med deg!



Smågodt på slutten ...

Noko anna som kan vera greitt å vita om Ryfylke:



200 år sidan utvandringa til Amerika

Fjerde juli 2025 blir ein merkedag i Ryfylke og i Norge. Då er det nøyaktig 200 år sidan starten på den norske utvandringa til Amerika. Fjerde juli 1825 drog 52 personar med den vesle skuta Restauration frå Stavanger. Mange om bord var frå Ryfylke, og det var ein finnøybu som betalte det meste av det skuta kosta. I 98 døgn var utvandrarane om bord, før dei 9. oktober kom fram til New York. Då var dei 53, ettersom det blei fødd ei jente om bord på overfarten. Ingen av dei 53 reiste heim. Dei neste 100 åra kom det over 850 000 nordmenn over til USA. Ryfylke Trebåtbyggjeri på Finnøy bygde ei ny utgåve av Restauration, som blei sjøsett i 2010. Nå organiserer Restauration si veneforeining ein ny Amerikatur. Ja, nå skal faktisk den nye Restauration ta same turen over Atlanterhavet. Fjerde juli i år kjem mellom anna Kong Harald og Dronning Sonja til Stavanger for å vinka far vel til mannskapet. Kanskje du vil dra til Amerika og ta imot skipet i oktober?



Innvandring og folketal

Ryfylke har opplevd stor arbeidsinnvandring i over 40 år. Det er spesielt arbeidsinnvandrarar frå aust-europeiske land, som har fått jobb i landbruket, byggfag, industri og reiseliv. Dei siste tre åra har alle kommunar og kommunedelar i Ryfylke hatt vekst i folketalet. Hovudårsaka er busetting av flyktningar frå Ukraina. Dette er i tråd med trendane ein ser elles i landet. Det har vore solid vekst i folketalet i Ryfylke dei siste tre åra, spesielt i 2022 og 2023. Strand har hatt den klart største veksten.



foto: Hallgeir Vågenes, VG

Folk og arbeid

Strand er altså den desidert mest folkerike kommunen i Ryfylke med tett på 14 000 innbyggjarar. Strand og Rennesøy er også dei områda der flest arbeidstakarar pendlar ut frå heimplassen. 60 prosent av dei sysselsette i øyane i Rennesøy pendlar for å koma seg på jobb. Dei fleste til Stavanger.



Kraftige Ryfylke

Som du forstår er det mykje vatn og mykje kraft i Ryfylke. Faktisk utgjør kraftproduksjonen i Ryfylke nærare 15 prosent av samla vasskraftproduksjon i Norge. Det er store planar for korleis vasskrafta kan nyttast ytterlegare i høve grøn industri og høgteknologi.



Smak av Ryfylke

Lokale råvarer og produkt frå Ryfylke er av høg kvalitet. Det er mykje å boltra seg i og nyta frå både fjell, fjord og jord. Spiskammeret Ryfylke viser igjen. Produsentar frå Ryfylke går ofte til topps i ulike nasjonale karingar. Dessutan finn du dyktige kokkar rundt om i Ryfylke, som til dømes Ryfylkekokken Frode Selvaag på Finnøy, Terje Bjørndal på Kulp i Suldal, Nicholas Guindani i Grenseløs i Sauda og Sebastian Schläwicke (foto) ved Smaken av Ryfylke i Hjelmeland.



Klar for quiz?

I den store finalen på Finnøy 21.mai, ventar flotte premiar frå Rogaland Sparebank:



**Rogaland
Sparebank**

Vinnarlaget får 8000 kr til klassekassen.

Laget som kjem på 2. plass får 4000 kr til klassekassen.
Laget som endar på 3. plass får 2000 kr til klassekassen.



